



Gardsbarnehagen på garnfiske for stutt tid sidan

Kommunens tilbakemelding på årsplanen frå Dønhaug Gardsbarnehage for 2011-2012 er svært positiv.

Den opnar til dømes med å rosa barnehagen for god informasjon om kva den vektlegg og held fram at barnehagen har jobba svært godt og målretta med fagområda.

Årsplanen gjev godt grunnlag for barnehagen sine årsplanar og ber preg av målretta arbeid der barna sin trivsel og utvikling er i fokus, Planen er fleksibel, men samstundes målretta.

Godt jobba, er karakteren frå administrasjonen i kommunen.

Barnehagen er medviten at vurdering av viktig for refleksjon og utvikling. Men i årsplanen mp barnehagen verta endå meir konkret om den skal stetta dei krav som rammeplanen set. Det er for lite fokus på kvifor og kven som skal delta.

Det er svært positivt at barnehagen også informerer om teieplikt og opplysningsplikt.

Det er enkel layout utan fancy databrk, men oversiktlig plan med fine bilete.

Av Ola Matti Mathisen